

# Mangfaldsplakat



## Vi ønskjer mangfold

Mangfold er å vere relevante, tilgjengelege og representative for alle uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne, kulturell/sosial/økonomisk bakgrunn og geografi.

**Metode**  
Dialog, medverking og representativitet

**Resultat**  
Relevans – Berekraft – Samfunnsansvar

## Bakgrunn

Tema mangfold og inkludering er viktige i vår tid, det går fram både av Museumsmeldinga og fra Kulturrådet.

I tilskotsbrev frå Kulturdepartementet er mangfold og inkludering nemt som eit område det etter kvart skal rapporterast og utarbeidast strategi for.

Styret i MUHO ønskte at vi skulle sjå nærmare på korleis mangfold og inkludering er aktuelt for organisasjonen. Mangfaldsplakaten er eit verktøy som skal hjelpe oss å vere medvitne på og hugse at vi alltid skal ha mangfold og inkludering med oss i alt vi gjer i museet.

## Metode

Metode: For å oppnå mangfold treng vi dialog med samarbeidspartar, interessegrupper og foreiningar som har innsikt i og representerer mangfaldet, slik at vi kan oppnå medverking og snakke saman, og ikkje om.

## Ansvaret vårt: mangfold i alle ledd

Personell – Programmering – Publikum - Samling

Programmering – alt som har med program, formidling og utadretta verksemd, arrangement, utstillingar, konsertar, føredrag, digitalt innhald osb. Det vi velger ut.

Publikum – målgrupper og besökande, fysisk og digitalt.

Personell – dei tilsette, vårt personale og kven vi velger som ekstern samarbeidspart.

Samling – retta innover, dvs dokumentasjon, nytt blikk på eksisterande samling, nytt tilfang eller revisjon av samling. Det vi velger ut for å ta vare på for ettertida.